

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 12.06.2014

SAKLISTE

DELEGASJONSSAKER
SKRIV OG MELDINGAR
GODKJENNING AV TRAFIKKTRYGGINGSPLAN FOR GULEN KOMMUNE
RENTEKOMPENSASJONSORDNING FOR SKULEANLEGG 2009 - 16. GODKJENNING AV PROSJEKT.
ÅRSMELDING 2013 FOR GULEN KOMMUNE
ÅRSREKNESKAP 2013
GODKJENNING AV KOMMUNEPLAN FOR GULEN 2012 - 2024 - AREALDELEN
ETABLERING AV SELSKAPET REGION NORDHORDLAND HELSEHUS IKS (RNH).
GODKJENNING AV SELSKAPSAVTALE.
HØYRING. NY LOV OM GODKJENNING AV LÅNEOPPTAK I FØREKANT AV KOMMUNEREFORMA.
FORSKRIFT OM POLITIVEDTEKT FOR GULEN KOMMUNE
BOTNEN CAMPING. SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE
BOTNEN CAMPING. SØKNAD OM SKJENKELØYVE FRAM TIL 31.03.2016
REGION NORDHORDLAND. INTERKOMMUNAL SAMARBEID INNAN HELSE- OG OMSORGSTENESTA 2014-2017
SØKNAD OM POLUTSAL I GULEN KOMMUNE
DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl. xx.
Sakstifanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Kjære alle saman

No er 17. mai over, og det har vore ein storstilt feiring av nasjonaldagen og 200-års-markeringa av Grunnlova. Alle vi Ordførarane i landet var den 14. og 15. mai samla i Oslo for feiring.



Først middag i Oslo Rådhus med Ordføraren der som vert, og dagen etter mottaking på Slottet med heile Kongefamilien til stades. Ei fantastisk oppleving å sjå så mange representantar for demokratiet vårt samla på ein stad. Det gjev minner for livet.

Her hjå oss skal vi feire den 28. juni på Gulatingstaden med mykje folk og eit rikholdig program. Dette vert stort, og eg gler meg til denne storhendinga der både vi og Fylkeskommunen er vertskap. Møt opp alle og ver med på å gjere dette til ei minnerik oppleving for oss alle.

I starten på forrige kommunestyremøte hadde vi ei innleiing frå dei tre Bondelaga i Gulen der dei orienterte om næringa og utfordringane framover. Eit godt møte der dei fekk fram kor viktig næringa er for kommunen. Det er no brot i forhandlingane mellom Regjeringa og bondeorganisasjonane, der organisasjonane er redde for at innretninga på tilbodet vil gjere store endringar i jordbruket vårt med mange nedlagde bruk, og at grunnlaget for landbruket hjå oss kan forsvinne.

Tilbodet frå staten går no til Stortinget, og lat oss håpe at dei grip inn og sikrar eit levedyktig landbruk i heile landet.

God sommar til dykk alle.

Hallvard Oppedal
ordførar



Utvida utgåve

I denne utgåva av Infoposten ligg vedlagt heile årsmeldinga 2013 for Gulen kommune.

Årsmeldinga finn du bakerst i bladet.

Plan-nytt



Nærare informasjon finn du på heimesida

www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt

I dag pågår 11 arealplanar, blant anna følgjande:

Kommunedelplan for Trafikktrygging

2011005 Administrasjonen har lagt delplanen til godkjenning i kommunestyremøte 12.06.2014.

Kommuneplanen for Gulen kommune

2012001 arealdelen vert lagt fram for godkjenning i kommunestyremøte 12.06.2014 med mindre endringar. Sjå elles «Plan Nytt» på heimesida.

Reguleringsplanar

Overordna endring i kommuneplanen for hyttefelt:

2011004 Kvernevågen, næring og hyttefelt (revidert)

2005007 Krekebærtua, hyttefelt (avvist, spreidd bygg)

Handsaming etter 1. gongs høyring

2012004 Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg. Høyringsfristen var 25.04.2014.

Planarbeid pågår

2010008 Nappen hyttefelt, Mjømna

2011001 Storevågsneset, Brandanger

2013003 Gulen industrihamn, reguleringsendring

2014001 Gangstøklubben, rorbuer Eivindvik

2008001 Taskebotn hytter

2009005 Dingeneset sør hyttegrend

Planoppstart i HPU 03.06.2014, forslag for:

2014002 Brandanger gbnr. 75/1,3,5 spreidd bygg

Godkjende små / mindre reguleringsendring i HPU 22.04.2014:

16 og 26 digitaliserte planar frå før 2006, sjå heimesida

2004004 Fallebø C, forslag bod ved hytte

2010011 Ferjekai Oppedal, utviding av butikkområde

2011006 Tuvika hytter, små endring kart og føresegner

Kan du bidra når flyktingane kjem?

Gulen kommune skal busette ti flyktingar i Eivindvik i august. Me ønskjer i hovudsak å busette to barnefamiljar, og får i desse dagar endeleg vite kven som skal kome.

Sjekk heimesida til Gulen kommune med jamne mellomrom for oppdatert informasjon.

Flyktingane har reist frå alt som er kjent og kjært, og har i nokre tilfelle opplevd ting som dei fleste av oss har vanskeleg for å førestille seg. Me ønskjer å tilby dei ein ny sjanse i trygge omgivnader i eit nytt land. Ungane skal gå på skule eller barnehage i Eivindvik, og får gjennom skulegang og fritidsaktivitetar ein fin og grundig inngang i det norske samfunnslivet. Dei vaksne skal delta på eit introduksjonskurs på fulltid, der dei gjennom skule og arbeids-/ språkpraksis skal lære språket og korleis det norske samfunnet fungerer.

Dette er gjev eit godt grunnlag, men for at våre nye sambygdingar skal trivast og bli verande, er det viktig at dei kjenner seg velkomen i bygda, og får etablert eit nettverk og ei kjensle av tilhøyring. Det er her lag, organisasjonar og enkeltpersonar i Eivindvik, og elles i Gulen, kan ha enorm innverknad. Det finst nesten ikkje grenser for korleis ein kan engasjere seg. Alt frå å smile og vinke når ein ser dei, ønskje dei velkomen, invitere dei til middag, be dei med på volleyballtrening, hjelpe til med køyrelæring, eller melde seg som kontaktfamilie eller kontaktperson. I tillegg har kommunen eit heilt tomt husvære som skal fyllast opp med møblar, kjøkkenutstyr og alt anna grunnleggande som høyrer til i ein heim, og set pris på eventuelle donasjonar.

Om du kjenner at du kan, og ønskjer, å bidra med noko, enten i form av handling eller utstyr, kan du ta kontakt med flyktingkonsulent Eirik Høydal på e-post eirik.hoydal@nav.no

Folkefest i Gulatingsparken

Grunnlovsjubileet - Gulatinget 28.06.2014

Laurdag 28.juni er det duka for storstilt festdag på Gulatinget. Med besøk frå inn og utland inviterer Sogn og Fjordane fylkeskommune og Gulen kommune til folkefest for alle innbyggjarane i fylket. Store namn som Mari Boine og Sigrid Moldestad er med å setje ramma rundt ein dag med historisk sus på arnestaden for Noregs demokratiske utvikling.

Rikhaldig program

Det vert opptreden av artistar, talar, helsingar, song og musikk som skal markere at grunnlova feirar år. Det er ein blanding av amatørar og profesjonelle innslag frå scena, vikingmarknad og fest for store og små heile dagen. Det største trekkplasteret er kanskje Mari Boine som er etablert som ein verdskjend artist. Ho vil entre Tinghella på Gulatinget på kvelden og gje ein storlagen konsert. I tillegg er det marknad, leiker og aktivitetar for born og unge.

Offisiell markering

Arrangementet på Gulatinget er Sogn og Fjordane si offisielle markering av Grunnlovsjubileet. Det er ikkje tilfeldigheiter som gjer at nett Gulatinget vert vald når grunnlova skal markerast. Gulatinget er ein av dei viktigaste institusjonene frå eldre norsk [historie](#) og er rekna som sjølv grunnlaget for dagens lovar. Gulatingslova er den eldste skriftlege rettskjelda både i Noreg og Norden.

Med på denne markeringa er Stortingspresident Olemic Thommessen. Sjølv sagt stiller også våre fremste folkevalde i fylket med fylkesordførar Åshild Kjelsnes i spissen. Også fylkesmann Anne Karin Hamre og biskop Halvor Nordhaug vil delta i grunnlovsmarkeringa denne dagen. I tillegg er alle ordførarane i fylket invitert, saman med ei rekkje andre aktørar innan kultur og samfunnsliv.

Tusenårsstaden Gulatinget er staden å vere 28. juni!

Meir informasjon om programmet og praktiske ting rundt arrangementet vert lagt ut på www.gulatinget.no etter kvart.

Program for Grunnlovsjubileet

Laurdag 28.06.2014

Kl 12.00 – 13.00	Frå Gulating til Storting
Kl 13.15 - 14.00	Ungdomstinget - Ungdomens FN
Kl 14.15 - 15.00	Helsing frå THING-vener ute i verda
Kl 16.00 - 17.00	Ei reise til det autentiske Gulatinget
Kl 19.00 – 20.30	Konsert med Mari Boine
Kl 20.30 – 02.00	Småkonserter og dans

Søndag 29.06.2014

Kl. 11.00 – 12.00 Jubileumsgudsteneste
Etter gudstenesta vert det høve til å kjøpe kaffi og mat.

Desse deltek

Olemic Thommessen, Stortingspresident
Sigrid Moldestad, artist og konferansier
Julia Bache-Wiig, skodespelar
Terje Isungset, musikal og komponist
Jørn Øyrehagen Sunde, professor
Einar Steen-Nøkleberg, klaver
Åshild Kjelsnes, fylkesordførar
Hallvard Oppedal, ordførar
Halvard Nordhaug, biskop
Nora Sårheim, sopran
Andreas Løken Taklo, klaver
Leif Aslaksrud, musikal
Ellesiv Vestreim Selseng, solodans
Leyeune Avdal, koreograf
Barnedansgruppa Krudlalaget frå Sogndal
Sergey Vichrov, sax
Håkon Høgemo, hardingfele
Tom Karlsrud, trekkspel
Judith Vestreim, vokal
Einar Thune, Bjarte Undertun, Ingrid Haveland og Jan Ove Einebærholm, skodespelarar
Christine Marøy, sopran
Marina Kan, klaver
Brekke Mannskor
Kor Før'de
Førde Seniorkor
Førde Internasjonale kor
Øyklang
Gulen Brass Band
Spitfire
MS NYBAKK
Ting-orkesteret
Ungdom frå Ungdomspolitisk utval, United World College og FN-sambandet
Artistar frå Island, Skottland og Shetland

GRATIS ADGANG

Skule- og barnehagerute for 2014-2015 med planleggingsdagar



August

Første skuledag: måndag 18. august

September

Oktober

Haustferie måndag 6. til fredag 10. (v 41)

November

Måndag 17. november er avspaseringsdag for elevane

Desember

Siste skuledag før jul: fredag 19. desember

Januar

Første skuledag: måndag 5. januar

Februar

Vinterferie: 16 til 20 februar (v 8)

Mars

Siste skuledag før påske: fredag 27. mars

April

Første skuledag etter påske: tysdag 7. april

Mai

Elevfri dag: 15. mai

Juni

Siste skuledag: fredag 19. juni

Planleggingsdagar barnehage:

15. august, fredag

6. oktober, måndag, felles kommunal dag

17. november, måndag

2. januar, fredag

15. mai, fredag

Nytt frå NAV Gulen.



Økonomisk rådgjeving

Gulen kommune er gjennom lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen § 17 pålagt å gje økonomisk rådgjeving til sine 10 dagar.

22 dagar
Formålet med økonomisk rådgjeving er å gje råd, rettleiing og praktisk bistand til skuldnaren og skuldnaren sin husstand, slik at skuldnar får kontroll og styring over sin økonomi. Ein gjennomgang som avklarar skuldnaren sin 18 dagar
20 dagar
moglegheit til å auke inntekter, redusere forbruket og utnytte reserver er kjernen i økonomisk rådgjeving.

Dersom du har eller står i fare for å få økonomiske problem, og treng råd og rettleiing for å komme vidare kan du ta kontakt med NAV Gulen ved

20 dagar
Maike Norman Bøe tlf. 5555 3333/ 406 42 410
Siv Hamn tlf. 5555 3333/ 414 60 195.

15 dagar

20 dagar
Tannlegekontoret i Eivindvik vil holde stengt 15 juli og 24-29 juli. Me ynskjer alle pasientar ein skikkelig god sommarferie.

17 (

17 (

15 dagar
Med vennleg helsing

15 dagar

Karolina Felenzer
Tannlege1 **190 dagar**

Eivindvik Tannklinikk/Harbakke Tannklinikk
Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Neste utgåve av Infoposten

Neste utgåve av Infoposten vert distribuert i veke 35.